

Referat – SU-møte ved Bore ungdomsskule

Dato og tid for møte: 03.02.26, kl.18.00

Rom: Personalrommet, Bore ungdomsskule

Til stades:

Representantar for føresette: Marit Irene K. Haugstad

Representantar for dei tilsette: Borgny O. Hemsén og Sunniva P. Nygård

Representantar for skuleeigar: Torunn A. Rasmussen (politikar) og Sandra C. Børresen-Varhaug (rektor)

Ikkje til stades:

Foreldre: Inger-Lise Nordbø Vanglo

Elev: Anders Steffen Nes

25/26-13	Godkjenning referat 09.12.25
Skulen si heimeside: «Meny» - «Råd og utval» - «Samarbeidsutvalet SU». Godkjent referat? Referat godkjent.	
25/26-14	Kapittel 12- Skulemiljøet til elevane
Framleis få innmeldte saker frå elevar og føresette. Skulen opplever at elevane stort sett er sosiale, og samlast i grupper til ulike friminuttsaktivitetar. Systema er godt innarbeida på skulen (melding, undersøking, tiltak og evaluering). Ufrivillig sjukefråvær: utfordrande å arbeide med slike saker, og opplever at ein ofte dessverre kjem for seint i gang med tidleg innsats fordi det er vanskeleg å oppdage. Skjulte orsakar. I arbeidet opplevast det at det tar tid å få positiv effekt, om man får positiv effekt. Fråvær frå undervisning: Elever som kjem på skulen, men ikkje går inn i klasserommet. Elevane blir vandrande i gangane, sitt på gr.rom eller i biblioteket.	
25/26-15	Reknskap
Held på med rapportering for 2025. Negativt avvik. Mogleg orsak: ITO-vedtak samsvarar ikkje med tildeling. Året 2026: startar med et negativt avvik. Skal på samling/møte i februar, for å sjå nærare på tildeling.	

25/26-16	Resultat elevundersøking inneverande skuleår
Viser til mail sendt til SU 16.12.25: På dei to SU-møta vi har hatt i år, har skulemiljø vore tema. Eg har lagt fram at det denne hausten har vore få meldte saker, og at den namngjevne undersøkinga (Spekter) blant elevane har blitt nøye følgt opp, og lite nytt har blitt avdekt her. Med dette i bakhovudet undrar vi oss over resultata når det gjelde mobbing i elevundersøkinga. Tala er høgare enn venta, og vi ønskjer å følgje det opp. Vi har difor sendt melding heim til alle føresette, og valt å gjennomføre ny undersøking med namn (Spekter) ved oppstart i januar. Spekter vert gjennomført veke 2, og resultata kring mobbing samsvarar ikkje med resultata frå elevundersøkinga. Tala på mobbing er lågare på Spekter samanlikna med elevundersøkinga. Elevundersøkinga 8.trinn har høg deltaking. Offentlege tal viser at trinnet ligg over snittet på alle område, og mobbetala samsvarar med resultata frå Spekterundersøkinga. Resultata frå elevundersøkinga på 9. trinn viser at trinnet, samanlikna med i fjor, har lågare mobbeprosent. Også her samsvarar elevundersøkinga med resultata frå Spekterundersøkinga. Begge undersøkingane viser høg grad av trivsel. 10.trinn har mobbetal som skil seg negativt ut i elevundersøkinga. Samstundes kan ein ikkje kjenne att desse tala i Spekterundersøkinga. Trinnet mistenkjer at enkelte elevar har svart useriøst på elevundersøkinga, og stiller også spørsmål ved korleis «frivilligheita» i undersøkinga blir presentert. Spekterundersøkinga er ikkje anonym, og elevane må i større grad stå til ansvar for svara sine. På bakgrunn av undersøkingane vil skulen halde fram med å fremje god trivsel, arbeide systematisk med klassemiljø og elevmedverknad, samt gi støtte og rettleiing i skulearbeidet og elevrolla. Det er kommunisert tydeleg at tilsette har plikt til å melde frå dersom dei oppdagar mobbing. Elevane blir oppmoda til å seie ifrå om mobbing, og skulen har sendt ei påminning til alle føresette om å melde frå dersom ein elev ikkje opplever skulekvardagen som trygg.	
25/26-17	Personalsituasjon
Per no har vi ikkje meldt behov til fellesutlysninga. Me har dei tilsette me skal ha.	
25/26-18	Orienteringssakar
<i>Elevrådet:</i> <i>FAU:</i>	

Skule: Kjekt med Oracy, og elevane på 10.tr responderar godt på munnlegheita. Bra at kommunen legger fokus på dette arbeidet. Viktig at personane som er språkkontaktar har ein fot i klasserommet. Stor nytteverdi.

Politisk nivå:

Bekymring rundt dårleg lesing, leseglede skal starte heime. Korleis rustar Klepp kommune seg for bruk av fagbøker.

Ref. B. O. Hemsén